

NOTAT

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Fagavdelinga
DATO:	27.05.2020
SAKSHANDSAMAR:	Carina Paulsen Mæland
SAKA GJELD:	Orientering om etablering av eMeistring i alle føretak i Helse Vest
ARKIVSAK:	2020/395
STYRESAK:	078/20
STYREMØTE:	17.06. 2020

Administrerande direktør si orientering pkt. 8

Saka gjer greie for regionalt prosjekt med å etablere eMeistringseiningar i alle helseføretak i Helse Vest.

Fakta

I Helse Vest sin regionale plan for psykisk helse 2020-2024 er eit av tiltaka:

- Vidare utbreiing av eMeistring i regionen og til nye pasientgrupper, samt leggje til rette for videokonsultasjonar

eMeistring blir i Nasjonal helse og sjukehusplan trekt fram som et godt døme på at behandling kan bidra til å nå pasientgruppe som har høg terskel for å oppsøke hjelp, eller av andre grunnar har utfordringar med å komme i kontakt med hjelpeapparatet (til dømes reiseveg, skule/jobb).

I Helse Vest sin regionale utviklingsplan (Helse 2035) er visjonen å fremje helse, meistring og livskvalitet. Eit av tiltaka er å utvikle, drifte, og samarbeide betre om «virtuelle» helsetenester i framtida. Eit døme som her blir nemnd er eMeistring. Ønska effekt er her tydelegare og meir fokusert satsing på nye tenester, unngå parallell etablering av virtuelle tenester og fleire spesialisthelsetenester nærare pasienten.

Beslutningsforum for nye metodar godkjente i januar 2019 at terapeutrettleia internettbehandling ved psykiske lidingar (eMeistring) kan nyttast når det er hensiktsmessig. I samband med covid-19 pandemien er e-terapi blitt ytterligare aktualisert.

eMeistring har fram til no vore eit tilbod i Helse Bergen sitt opptaksområde. I den regionale planen vert det vist til at erfaringane er gode, og eit av tiltaka er difor at pasientane i heile Helse Vest sitt opptaksområde skal få same behandlingstilbodet i løpet av 2021.

Kommentarar

Aktuelt

Målet er at pasientane i heile regionen skal ha tilgang til eMeistring som behandling innan 31.12.2021. Dette skal ein oppnå ved å etablere behandlingstilgjenglegheit i alle føretak.

Helse Vest har no etablert ei prosjektorganisering med styringsgruppe og prosjektgruppe. Brukarrepresentant er med i begge gruppene. Det er utarbeida eit prosjektdirektiv med beskriving av organisering, framdrift og økonomiske konsekvensar, sjå prosjektdirektiv.

Det har blitt jobba med å kartlegge kapasiteten i dei andre føretaka i samband med pandemien, og alle helseføretak er no klar til å starte opp etablering av eigne eMeistring einingar.

Styringsgruppa har godkjent prosjektdirektivet, og prosjektgruppa har starta opp arbeidet med å forberede etablering.

Det går føre seg arbeid med å lukke røde punkt i Risiko- og sårbarheitsanalysen som er utarbeidet. Hovudtemaet for risiko er om ein kan ha fleire helseføretak på ein installasjon av Checkware. Dersom det ikkje går, vil ein måtte gjere mykje manuelt arbeid som blir arbeidskrevjande, og kostnadane til teknologi vil gå opp. Det blir og jobba med ein personvernkonsekvensutgreiing (DPIA).

Prosjektkostnader

Helse Vest RHF har sett av midlar innanfor ei ramme på kr 5.5 mill. kroner i 2020. Midlane skal dekkje regional prosjektleiing med frikjøp av 1 person i inntil 100 % stilling frå og med 1. april 2020.

Prosjektleiar kan og bidra inn i nasjonalt arbeid innanfor prosjektleiarstillinga.

Arbeidet vil vere ressurskrevjande for helseføretaka. Ei førebels vurdering tilseier ei fordeling av terapeutar med 3 årsverk til Helse Stavanger HF, 1.5 årsverk til Helse Fonna, og 1.5 årsverk til Helse Førde HF.

Det vil og vere knytt utgifter til Helse Bergen som bidrar med opplæring, rettleiing og kvalitetsarbeid. Det vil og vere knytt utgifter til kommunikasjonsarbeid, brukarrepresentant i prosjektgruppa og forvaltning av teknologien i Helse Vest IKT.

Helseføretaka må mellom anna bruke prosjektmidlar til tilsetting av prosjektleiar/teamleiar i eige føretak. Prosjektleiar/ teamleiar bør ha ansvar for etablering av eMeistring, lokal opplæring, rettleiing, samhandling på tvers og lokalt systemansvar.

Det blir i 2020 tildelt:

- kr 900 000 til Helse Førde
- kr 900 000 til Helse Fonna
- kr 2 000 000 til Helse Stavanger
- kr 500 000 til Helse Bergen til div. utgifter som nemnd over
- kr 1 mill. til prosjektleiar, allereie utbetalt